



OSTERØY KOMMUNE
Geitaryggen 8
5282 LONEVÅG
Att. Lars Johan Fjelde

Vår dato:

11.05.2023

Vår ref:

2023/776

Dykkar dato:

Dykkar ref:

23SF300A

Saksbehandlar, innvalstelefon
Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

Avslag – tilskot til fisketiltak - fisketeljing i Valestrandselva, 060-63-R - Osterøy kommune

Osterøy kommune får avslag på søknad om tilskot til fisketeljing i Valestrandselva, i Osterøy kommune.

Innleiing

Osterøy kommune søker om tilskot til fisketeljingar for å følgje opp habitattiltaka i Valestrandselva, i Osterøy kommune. Fisketeljing vil òg kunne brukast til framtidig evaluering av føreslårte habitattiltak i tiltaksplan. Det er søkt om 91 600 kroner til gjennomføring av gytefiskteljing, og tiltaket kan ikkje gjennomførast med mindre midlar.

Regelverk

Ordninga for tilskot til fisketiltak er heimla i [forskrift om tilskot til anadrome laksefisk](#).

Tilskotsordninga skal bidra til å sikre og utvikle bestandar av ville anadrome laksefisk, og leggje til rette for fiske etter anadrome laksefisk, jf. forskriftera § 1. Tilskotsordninga skal nyttast til tiltak knytt til bestandar av laks, sjøaure og sjørøye, som gir godar til ålmenta og samfunnet.

Tildelingskriteria for å få tilskot til fisketiltak er oppgjeve i forskriftera § 2. Frivillige organisasjonar, forskingsinstitusjonar, kommunar og interkommunale organ kan få tilskot til:

- Informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye
- Bruksretta forsking og overvaking
- Tiltak til å betre tilgangen til, og høve til fiske for ålmenta
- Tiltak retta mot rekruttering til, eller stimulering til fiske.

I forskriftera § 3 er det stilt krav til dokumentasjon som skal følgje med søknaden. Ved søknad om tilskot til [vassdragstiltak](#) skal det leggast ved løyve frå NVE og Statsforvaltaren, tillating frå grunneigar og tilbakemelding frå kommunen til tiltaket.

Når forvaltninga tildeler tilskot gjeld prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 som retningsliner ved avgjerda. Vurderinga av miljørettsprinsippa skal kome fram i grunngjevinga.



Vår vurdering

Statsforvaltaren har motteke søknadar om tilskot til fisketiltak med samla søknadssum langt større enn midlane vi har til rådvelde. Vi har difor vore nøydd til å prioritere. I 2023 prioriterer vi restaureringstiltak, og andre fysiske tiltak, som kan auke produksjonen til laksefisk i vassdrag og sikre og utvikle bestandar av vill anadrom laksefisk.

Vedtak

Osterøy kommune får avslag på søknad om tilskot til fisketeljing i Valestrandelva, i Osterøy kommune

Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. 28 i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følge. Du har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18 og 19.

Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM